

<b>Utvalg:</b>	<b>Innovasjonsutvalget</b>	<b>Dato: 29.01.2025</b>
<b>IU-sak:</b> 2/25		<b>Arkivsaknr.:</b>

## **TILT forskarentreprenørskapsprogram og akademisk spin-out-fond**

### **Bakgrunn**

Universitetsstyret vedtok i styresak 52/24 å støtte VIS' arbeid med å etablere eit forskingsentreprenørskapsprogram og eit tilhøyrande akademisk spin-out-fond. Målet er å utvikle eit betre tilbod i tidleg fase til forskarar som vil bli gründerar.

### **TILT**

TILT-programmet skal styrke tilbodet til entreprenørar som har sitt utspring i forskingsmiljø, og er eit tiltak VIS har sett i verk for å styrke innovasjonsevna til regionen, styrke moglegheitene forskarar har til å bli gründerar, og gi framtidige inntekter som kan finansiere meir innovasjon for eigarane.

Programmet har tre arbeidspakkar:

1. Infrastruktur og nettverk
2. Internasjonalisering og kompetanse
3. Akademisk spin-out-fond

TILT er eit entreprenørskapsprogram, og skal opne for at forskarar kan bli entreprenørskap, og starte opp eigne verksemder basert på forskinga deira. Programmet vil skreddarsy undervisningsmodular og studiereiser til behova deltakarane har i sine prosjekt.

Programmet gir òg forskarane høve til å eige hundre prosent av eigne selskap, etter at dei har inngått avtale om lisensiering eller kjøp av eventuelle immaterielle rettar som tilhøyrar UiB.

### **Akademisk spin-out-fond**

VIS er òg i ferd med å starte opp eit akademisk spin-out-fond av «evergreen»-typen. I dette ligg at vinsten frå investeringar blir reinvestert gjennom fondet, og at det slik blir evigvarande. Slike investeringar er risikable, og ein er ikkje garantert å lukkast. Men fondet kan gi viktig kapitaltilgang for forskingsbaserte oppstartsselskap i Bergen, og dermed hjelpe universitetet å nå sine mål på innovasjonsfeltet, og få tatt kunnskapen i bruk i samfunnet.

Universitetsstyret vedtok i saka å gå inn med maksimalt 2,5 millionar kroner, spreidd over fleire år. Pengane vil bli tatt frå det årlege tenestekjøpet hos VIS, som vil bli redusert tilsvarande. UiBs engasjement føreset òg eit minimum av deltaking frå andre investorar. VIS vurderer at fondet kan få ein storleik på 8-10 millionar kroner etter 5 år dersom UiB går inn med 2,5 millionar kroner.

UiB har òg vore i kontakt med Kunnskapsdepartementet for å avklare at det er innanfor UiBs fullmakter å delta i eit akademisk spin-out-fond. Departementet har svart at dette er innanfor dersom det er av fagleg interesse for UiB.

### **Status**

TILT har i haust rekruttert forskarar og prosjekt til programmet, og har så langt fem aktive prosjekt, der fire av desse inneheld immaterielle rettar knytt til Med. fak. på UiB. TILT er i diskusjon med fleire potensielle kandidatar ved UiB.

Når det gjeld det akademiske spin-out-fondet er VIS' mål å ha dette klart i løpet av første kvartal 2025.

### **Oppsummering**

Saken legges frem for utvalget til orientering. Oppdatert informasjon om TILT og akademisk spin-out-fond vil bli gitt munnleg av Renate Skoge i VIS og Olav Tenstad frå Med. fak. på IU-møtet.